

Selskapsformer

Vedlegg E




Fyresdal

Sidetilvising

Innleiing	3
1 Kommunale føretak (KF)	4
2 Interkommunalt politisk råd (IPR).....	5
3 Kommunalt oppgåvefellesskap (KO)	6
4 Interkommunalt selskap (IKS).....	7
5 Aksjeselskap (AS)	8
6 Stiftingar	9

Innleiing

For å sikre at kommunen utøver eigarstyring på ein korrekt og effektiv måte, er det viktig å ha grunnleggjande kunnskap om dei ulike organisasjonsformene som kommunen kan bruke. Kunnskap om selskapsformer er avgjerande for å velje rett organisasjonsform, forstå korleis styring og ansvar er organisert, og vite kva krav kommunen som eigar kan stille til verksemdene. Kommunen kan engasjere seg i ulike typar selskap for å levere tenester, gjennomføre oppgåver eller delta i nærings- og samfunnsutvikling. Oversikten i dette kapitlet syner dei ulike selskapsformene, med vekt på heimel, styringsstruktur og økonomisk ansvar.



Figur 1 Heimel, styringsstruktur og det økonomiske ansvaret som er knytt til dei respektive selskapsformene.

1 Kommunale føretak (KF)

Kommunale føretak (KF) er ein organisasjonsmodell kommunen kan bruke når ein ønskjer at ei verksemd skal ha større friheit enn ein tradisjonell etat, men framleis vere ein integrert del av kommunen. Regelen følgjer av kommunelova kapittel 9¹.

1.1 Rettsleg status og ansvar

KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt. Kommunen står ansvarleg for alle forplikingar og er juridisk part i alle avtaler. Tilsette er kommunalt tilsette, og verksemda kan ikkje gå konkurs sidan ho inngår i kommunen sin økonomi.

1.2 Styring og organisering

KF blir leia av eit styre som blir oppnemnt av kommunestyret, jf. § 9-5. Styret skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar, medan dei tilsette kan velje eigne representantar. Styret har ansvar for overordna styring og forvaltning av føretaket, jf. § 9-6. KF er underlagt kommunestyret si budsjettmynde. Kommunedirektøren har ikkje instruksjonsrett overfor styret eller dagleg leiar, men kan krevje at ei sak blir utsett til politisk behandling, jf. § 9-16.

1.3 Dagleg drift / dagleg leiar

KF skal som hovudregel ha dagleg leiar, jf. § 9-11. Dagleg leiar står for den daglege drifta, inkludert økonomistyring, personalansvar og gjennomføring av styrevedtak, jf. § 9-12. Dagleg leiar er underlagt styret, ikkje kommunedirektøren.

1.4 Representasjon og avtalar

KF representerer kommunen utad innanfor sitt føremål, jf. § 9-17. Styret og dagleg leiar kan inngå avtalar på kommunen sine vegner dersom dei held seg innanfor delegert myndigheit, jf. § 9-18.

1.5 Økonomi og internkontroll

KF inngår i kommunen sitt samla rekneskap. Styret vedtek årsrekneskap og budsjett innanfor rammene kommunestyret har fastsett, jf. § 9-8. Dagleg leiar skal sørgje for internkontroll tilpassa risiko og aktivitet, jf. §§ 9-13 og 9-14.

1.6 Nøkkelpunkt

- Fullt økonomisk ansvar for kommunen
- Politisk styring gjennom budsjett og vedtak
- Betydeleg operativ fridom i styret
- Passar for tenester der kommunen må vere juridisk ansvarleg

¹ Kommuneloven

2 Interkommunalt politisk råd (IPR)

Interkommunalt politisk råd (IPR) er ei formalisert samarbeidsform for politisk samordning mellom kommunar og/eller fylkeskommunar, jf. kommunelova kapittel 18². Ordninga er erstatning for tidlegare samarbeid etter § 27.

2.1 Rettsleg status og ansvar

IPR er ikkje eige rettssubjekt, med mindre dette er fastsett i samarbeidsavtalen, jf. § 18-1. Deltakarane har økonomisk ansvar for si del av verksemda. IPR kan ikkje fatte enkeltvedtak eller utøve myndigheit retta mot innbyggjarar, det er eit politisk samordningsorgan.

2.2 Styring og organisering

Representantskapet er øvste organ, jf. § 18-3. Alle deltakarar skal ha minst eitt medlem og eit varamedlem. Representantskapet vel leiar, nestleiar og eventuelle utval. IPR har normalt ikkje dagleg leiar, men dette kan avtalast. Administrativ kapasitet blir gjerne løyst gjennom vertskommune eller deltakarane.

2.3 Dagleg drift

Dersom det blir tilsett dagleg leiar, skal denne utføre oppgåver innanfor rammene representantskapet fastset. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av representantskapet.

2.4 Representasjon og avtalar

Representantskapet representerer rådet utad. Rådet kan berre inngå avtalar som ligg innanfor formål og fullmakter i samarbeidsavtalen.

2.5 Økonomi og internkontroll

IPR blir finansiert gjennom deltakarane sine bidrag. Dersom rådet ikkje er eige rettssubjekt, skal budsjett og rekneskap førast inn i deltakarane sine egne rekneskap, jf. § 18-4.

2.6 Nøkkelpunkt

- Politisk samordning, ikkje tenesteproduksjon
- Avgrensa myndigheit
- Enkelt å etablere
- Eigna for felles strategi- og utviklingsarbeid

² Kommuneloven

3 Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

KO er ei samarbeidsform der kommunar og/eller fylkeskommunar løyser administrative eller operative oppgåver i fellesskap, jf. kommunelova kapittel 19³.

3.1 Rettsleg status og ansvar

KO er som hovudregel ikkje eige rettssubjekt, men kan vere det dersom dette blir avtalt, jf. § 19-1. Deltakarane har økonomisk ansvar for sin del av forpliktingane, jf. § 19-2. KO kan ikkje fatte enkeltvedtak retta mot innbyggjarar, men kan drive felles drift og støtteoppgåver.

3.2 Styring og organisering

Representantskapet er øvste organ, jf. § 19-3, og består av representantar frå alle deltakarane. Representantskapet fastset budsjett, økonomirammer, oppgåver, instruks og fullmakter. Representantskapet vel leiar og nestleiar, og kan oppnemne styre dersom det er avtalt. Dagleg leiar kan tilsetjast, men er administrativ funksjon og kan ikkje vere medlem av representantskapet.

3.3 Dagleg drift

Dagleg leiar står for gjennomføring av vedtekne oppgåver, personalansvar og dagleg økonomi innanfor gitte fullmakter og instruks frå representantskapet. Dagleg leiar fat-ter ikkje politiske eller prinsipielle beslutningar, og kan ikkje overskride økonomiske rammer utan fullmakt. Administrativ drift skal rapporterast regelmessig til representantskapet.

3.4 Representasjon og avtalar

Representantskapet representerer KO utad og inngår avtalar. Dagleg leiar kan representere KO i eksterne relasjonar dersom representantskapet har gitt uttrykkeleg fullmakt (møteavtalar, driftsoppfølging, standard avtalar).

3.5 Økonomi og internkontroll

Finansiering skjer etter fordelingsnøkkel i samarbeidsavtalen. Dersom KO ikkje er eige rettssubjekt, skal budsjett og rekneskap førast i deltakarane sine rekneskap, jf. § 19-4. Representantskapet har ansvar for internkontroll, medan dagleg leiar har ansvar for gjennomføring og rapportering.

3.6 Nøkkelpunkt

- Passar særleg der kommunar ønskjer felles drift: IT, arkiv, brann, kriseberedskap m.m.
- Lågthengande modell for samarbeid utan nytt rettssubjekt.
- Krev detaljert og tydeleg samarbeidsavtale om økonomi, ansvar og rapportering.

³ Kommuneloven

4 Interkommunalt selskap (IKS)

IKS er eit eige rettssubjekt eigd av to eller fleire kommunar/fylkeskommunar, jf. IKS-lova § 14.

4.1 Rettsleg status og ansvar

IKS er ein sjølvstendig juridisk eining. Deltakarane hefter uavgrensa for selskapet sine forpliktingar, men berre for den delen som svarar til eigardelen deira (forholdsmessig ansvar, ikkje solidaransvar), jf. § 3. Eit IKS kan ikkje gå konkurs fordi deltakarane har plikt til å dekke forpliktingane.

4.2 Styring og organisering

Representantskapet er øvste organ, jf. § 6. Kommunestyret/fylkestinget kan instruere sin representant, jf. § 7. Styret blir vald av representantskapet og skal ha minst tre medlemmer, jf. § 10.

4.3 Dagleg drift

IKS skal ha dagleg leiar, jf. § 14. Dagleg leiar har ansvar for drift, økonomi og internkontroll, jf. §§ 14–16.

4.4 Representasjon og avtalar

Styret teiknar selskapet sitt firma, jf. § 16. Dagleg leiar kan teikne firmaet dersom styret gir fullmakt, jf. § 17.

4.5 Økonomi og internkontroll

IKS skal ha budsjett, økonomiplan, årsrekneskap og revisjon, jf. §§ 18–20 og 27–28. Eventuelt meirforbruk må dekkjast av deltakarane i tråd med eigardel og avtale.

4.6 Nøkkelpunkt

- Eige rettssubjekt
- Uavgrensa deltakaransvar må vurderast nøye
- Eigna for renovasjon, brann, vatn/avløp, revisjon

⁴ Lov om interkommunale selskaper (IKS-loven) av 01.01.2024

5 Aksjeselskap (AS)

AS er eit privatrettsleg selskap der kommunen kan vere eineigar eller medeigar saman med andre offentlege eller private, jf. aksjelova § 1-1⁵.

5.1 Rettsleg status og ansvar

AS er eige rettssubjekt. Eigaren har avgrensa ansvar, jf. §§ 1-2 og 3-1. AS kan gå konkurs.

5.2 Styring og organisering

Generalforsamlinga er øvste organ, jf. § 5-1. Styret har ansvar for forvaltning og kontroll, jf. §§ 6-12 og 6-13.

5.3 Dagleg drift

Dagleg leiar står for dagleg drift, økonomistyring og gjennomføring av vedtak, jf. § 6-15.

5.4 Representasjon og avtalar

Styret representerer selskapet utad, jf. §§ 6-30 til 6-33. Dagleg leiar kan inngå avtalar innanfor fullmaktene sine, jf. § 6-15. Fullmakt eller prokura etter § 2-3 kan tildelast, men den høyrer eigentleg til firmateikning, ikkje styrets representasjonsreglar.

5.5 Nøkkelpunkt

- Avgrensa økonomisk risiko
- Klare selskapsrettslege roller
- Passar for marknads retta verksemd eller samarbeid med private

⁵ Lov om aksjeselskaper (aksjeloven) av 01.01.1999

6 Stiftingar

Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt som forvaltar ein kapital til eit bestemt formål, jf. stiftingslova § 2⁶.

6.1 Rettsleg status og ansvar

Opprettar har ingen eigarrettar, kan ikkje ta ut midlar og har ikkje instruksjonsrett. Kapitalen er bunden til formålet.

6.2 Styring og organisering

Stiftinga skal ha eit styre, jf. § 26. Styret har det fulle ansvaret for å forvalte stiftinga etter formålet. Opprettar kan som hovudregel ikkje endre formålet etter oppretting.

6.3 Dagleg drift

Styret kan tilsetje dagleg leiar dersom vedtektene opnar for det. Dagleg leiar står for drift og økonomi, men styret har alltid overordna ansvar.

6.4 Representasjon og avtalar

Stiftinga blir representert utad av styret eller den styret gir fullmakt, jf. § 30.

6.5 Økonomi og internkontroll

Stiftingar må ha grunnkapital. Stiftelses dokument og vedtekter skal meldast til Stiftelses registeret, jf. §§ 9 og 11. Stiftingar har revisjonsplikt.

6.6 Nøkkelpunkt

- Svært avgrensa kommunal styring
- Varig konstruksjon for allmennyttige formål
- Lite eigna dersom kommunen ønskjer laupande styring

⁶ Lov om stiftelser (stiftelsesloven) av 01.04.2025